



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Møtebok for S & N sokn/drifftsutvalget**

**Møtedato:** 23.03.2017  
**Møtetid:** kl. 18:00  
**Møtestad:** Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

### **Til stades:**

Anlaug Jorunn Bergan, Jarl Olav Rugtveit, Lars Roe, Johannes Sand, Mette Haugholt.

### **Meldt forfall:**

Alf Rose Sørugaarden, Anne-Inger Lunner, Anne Marie Etholm.

### **Saker**

#### **Sak 001/17 Økonomirapport pr februar 2017**

Etter berre to månader av driftsåret 2017 er det litt tidleg å seie noko om korleis økonomien er. Men det er likevel tidleg nok til å avdekke postar der det enten må strammast inn eller gjerast budsjettendringar.

Vi ser at lønsutgiftene ligg om lag der dei skal vere, dvs på rundt 18 % av årsforbruket. Med tilsaman 90 % stilling som er besatt av vikarar fram til somaren, så er det naturleg av vikarutgiftene ligg høgare enn ei lineær framskriving.

Når det gjeld andre utgifter så er det eit par postar som ein må vere merksam på:

Kilometergodtgjersle (art 11600) for bruk av eigen bil i tenesta har auka mykje samanlikna med tidlegare år. Det skuldast meir ientertransport mellom kyrkjene og kyrkjegardane, kombinert med at det tidlegare kanskje ikkje blei skrive rekning for all kjøring.

Her må tydelegvis budsjettet aukast ein del, men det bør også oppmodast om å prøve å unngå så mykje internkjøring.

På litt sikt bør det vurderast å lease ein tenestebil.

Den andre posten er vedlikehald av maskinar (12403). Både grasklypparen og minilasteren har hatt relativt store servicar no i vinter. At det er mange ulike personar som bruker maskinparken visast igjen på vedlikehaldet.

Det hadde vore ønskeleg og hatt både fasilitetar og kompetanse i eigne rekker til å gjere meir av vedlikehaldet sjølve.

Kyrkjeverja bør til aprilmøtet leggje fram forslag til dei fyrste budsjettendringane i år. Dette er også noko som revisor etterlyser – nemleg å gjere budsjettendringar gjennom året.

### *Forslag til vedtak:*

Driftsutvalet tek økonomirapporten til etterretning.

### *Møtebehandling:*

### *Vedtak:*

Driftsutvalet tek økonomirapporten til etterretning.



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## **Sak 002/17 Støtte til markering av reformasjonsjubileet i Sauherad**

I 2017 er det 500 år sidan Martin Luther slo opp dei 95 teser på kyrkjedøra i Wittenberg. Dette reknast som starten på reformasjonen.

Her i Sauherad er det etablert ein jubileumskomit  med m.a kantor, kultursjef m.fl. Dei har laga eit jubileumsprogram (sj  vedlegg), og her s kjer dei om 10.000 kr  konomisk st tte fr  sokner det.

Kyrkjeverja meiner det er viktig   st tte opp om dette tiltaket i jubileums ret for reformasjonen. Eg foresl r at vi finansierer det ved   redusere budsjettposten «velferdstiltak for tilsette» med 5.000 kr (til 10.000 kr) og bruke 5.000 av ikkje-budsjetterte inntekter ism «den kulturelle ryggsekken».

### *Forslag til vedtak:*

Sokner det g r inn for   st tte jubileumskonserteren med 10.000 kr.

### *M tebehandling:*

### *Vedtak:*

Sokner det g r inn for   st tte jubileumskonserteren med 10.000 kr.

## **Sak 003/17 Kyrkjenetarressursane**

Storleiken p  stillingane som kyrkjjetenarane har i Sauherad har variert gjennom tidene. For ein god del  r sidan var det eitt  rsverk knytt til kvar kyrkje og kyrkjegard. I dag er vi nede i 1,1  rsverk.

Det er vanskeleg   seie kor stor stilling det b r vere. I dag har vi betre teknisk utstyr, b de maskinelt og i form av dataprogram, som effektiviserer arbeidet. Likevel synast det klart at 1,1  rsverk er i snauaste laget. Det m  likevel reknast inn at vi ogs  har ein spr karbeider i praksis ein dag i veka. Dvs i utgangspunktet ei 20 % stilling, sj lv om ein kasnkje ikkje kan rekne inn meir enn 15 % effektiv.

Da vi fekk ei 50 % ledig stilling som kyrkjjetenar i 2012 blei den lyst ledig som 40 %. Anders H ib  s kte p  og fekk denne stillinga. I tillegg har Kjetil Nyhus ei fast 70 % stilling.

Det var  konomiske og operasjonelle grunnar til   utlyse stillinga som 40 %. Da arbeidsmengda er varerande gjennom sesongen var det behov for   spare inn p  dei faste kostnadane slik at vi fekk h ve til   kj pe inn ekstra arbeidskraft ved behov. Denne kapasiteten kunne f rst og fremst kj past internt, dvs fr  dei som ikkje har full stilling – i form av ekstra timar, eller eksternt. (det er her ogs  verd   merke seg at all l n er pensjonsgivande, uavhengig av stillingsstorleik).

Det har ved fleire h ve blitt fremma  nske om   auke den eine kyrkjjetenarstillinga fr  40 til 50 %. I m te som administrasjonsutvalet hadde i desember blei kyrkjeverja bedt om   sj  p  behov og  konomi rundt det   evt. auke kyrkjjetenarressursane.

I budsjettsaka 2017 (sak 02/17) st r det: «Det er rekna inn auka kyrkjjetenarressurs med 10 % i eit halvt  r, samstundes som utgifter til ekstrahjelp er redusert kraftig.

No er det alts  rekna inn med  /2  rseffekt, men eg ynskjer at ADMU og DU dr ftar saka f r det evt. blir ein realitet.»



# DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

## Vurdering:

Mi vurdering er at i vinterhalvåret så er dagens bemanning på 1,1 (+0,15-0,2) årsverk tilstrekkeleg. Resten av året er behovet høgare, sjølv om det også varierer kraftig. I første av sesongen er t.d. grasveksten på det høgaste, samstundes som det da er mange heilag dagar, konfirmasjonar, vigslar mm.

Så er spørsmålet om vi har råd til, dersom vi ynskjer det, å auke den faste bemanninga? Sjølv om eg i budsjettet har rekna inn å auke stillingsbrøken med 10 % andre halvår i 2017, har eg no kome til at eg ikkje vil tilrå dette. Her er nokre av grunnane:

- Økonomien vår balanserer veldig på eit resultat på +/- 0. I 2015 fekk vi eit overskot på 189.000 kr pga lågare pensjonskostnader enn budsjettet. I 2016 fekk vi litt mindre gåve- og offerinntekter enn budsjettet, kombinert med at vi måla Sauherad krk. Dette resulterte i eit underskot på 116.000 kr – og plutsleg var disposisjonsfondet redusert til 72.000 kr. Det er 1,2 % av eit budsjett på rundt 6 mill kr og ikkje veldig mykje å møte uforutsette utgifter med.
- Eit døme på uforutsette utgifter er t.d dei reparasjonane vi har hatt på maskinparken i vinter, der eg hadde budsjettet med 10.000 kr og vi har bruka 22.000 – etter to mndr. Så kjem søknaden om 10.000 kr til reformasjonsjubileet.

Det er farleg å setje ting opp mot kvarandre, men det som er viktig her er at vi innrettar oss slik at vi har eit visst økonomisk handlingsrom.

- Sett frå kyrkjevevja sin ståstad er det svært ønskeleg å ha éin kyrkjetenar i 100 % stilling og ein i ein delt stilling i tillegg. No har vi 70 + 40, og det naturlege ville da vere å jobbe for å auke 70-prosentsen til 80. Dersom stillinga på 70 % blir ledig er det da ynskjeleg å lyse ut ei stilling som da, om ikkje med ein gong, men på litt sikt, kan aukast til 100 %.
- Tilsette som har fylt 67 år har dei same rettane som yngre arbeidstakarar ved sjukdom, men for arbeidsgejevaren stoppar refusjonen frå NAV etter 60 dagar. Dette innebærer ein økonomisk risiko som vi må vere budd på – og ta økonomisk høgde for.

Mi tilråding vil difor vere å ikkje auke stillingsstorleikane for kyrkjetenarane på det noverande tidspunkt.

## *Forslag til vedtak:*

Kyrkjetenarstillingane forblir uendra inntil vidare.

## *Møtebehandling:*

## *Vedtak:*

Driftsutvalet vedtek å auke kyrkjetenarstillinga til Anders Høibø frå 40 til 50 % stilling.

For driftsutvalget i Sauherad og Nes sokn

Trond Haugen  
kyrkjevevje